

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hamre

Emne: Veving

Bygdelag: Dalebygda

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter ymse kjelder.

SVAR

1. Mannsklede: Bukse, vest og trøye. Til dette vart berre brukt vadmøl. Vadmolet til desse klede vart kalla "einskjefta vadmøl". Vefthen gjekk på tvert av varpet. Kledda var mørkeblå eller svarte.
2. Kvinnekledda var: stakk og trøye av same slag vadmøl som mannskleda. Det vart også brukt forklede (frøkkel) med smale sik-sak border i. Desse forkledda var vevne på sers måte. Renninga måtte vera på ein sers måte med garn av ymse fargar, dinest måtte havald ~~itred~~ itredast annleis enn ved vadmøl, og det måtte ei sers sambinding mellom trøer og skaft. Kvinnene brukte også grøntøye av vadmøl, - dei kunne også vera spøta. På ~~desse~~^{alle} trøyene var blomstra kvare som helst var kjøpety, men kunne vera vevne på små gogner. Sume var saumde. Det vart også brukt brystduk. Den var sauma av fleire-farga ulltråd på stramei-botn, - også annan botn vart nytta. Om halsen hadde dei "halsbøling". Den var av lerret med brodering i sjølve lerretet. Denne saumen ~~går att i~~^{saum} er no teken i bruk i Nordhordlandsbunaden.
3. a. Mennene brukte underty av ~~vadmøl~~^{kvitt eller grått}. Både bukse og skjorta var av vadgåra vadmøl. I det går vefthen (innslaget) frå venstre på skrå framover mot høgre. Skjortene Indre skjorta var mykje sid, ofte midt på legg. Utanpå den hadde dei undertrøye (onnrøya) som helst var av einskjefta vadmøl og oftast farga marineblå.
- b. Skjorta hadde bul av vadmøl (vadgåra) med spøta armar. Fargen var kvit. Stakkliv (underliv) av kvitt vadmøl. Understakk, raudt, grønt eller grått vadgåra vadmøl (einskjefta) pynta med band i ymse

fargar. Buksa var av ~~vann~~ vadgåra vadmol, kvitt eller grått.

- 4. Vart ikkje nytta her.
- 5. Laken vart ikkje nytta. Dynner var lite brukt. Det vart nytta kvitlar med bråkvitel (åklede) som øvste overbrøidsla. Som putever vart nytta heimevovi ver av stry, sumtid var varpet ulltråd og veften av stry. Ulltråden og stryget hadde ymse fargar, oftast ein for ulla og 1 for stryget. Bråkvitlane vart vevne i oppstadgogn.
- 6. Dugar og serviettar lite nytta før dei kjøpte lindukane kom til gards.
- 7. .Handdukane vart vevne av stry.
- 8. Sjø 5.
Som sumarunderklede vart nytta underklede vevne av stry. (stryskjorta)